

KOMPIS Begynneropplæring

Opptakskrav

Godkjent lærarutdanning for barnetrinnet med minimum 15 studiepoeng i matematikk og/eller matematikdidaktikk og norsk og/eller norskdidaktikk.

Kort om studieprogrammet

Den første opplæringa i skriving, lesing og matematikk legg viktige grunnlag for det vidare skuleløpet. Samtidig er det eit fagfelt som stiller store krav til lærarane, og som skil seg frå arbeid med språk, tekst og matematikk på seinare trinn. Studiet, som er forankra i norsk- og matematikdidaktikk, skal bidra til å styrke lærarar sitt faglege, teoretiske og didaktiske grunnlag for å gjennomføre begynnaropplæring i skriving, lesing og matematikk på småskuletrinnet.

Læringsutbyttebeskrivelser

Kunnskap

Kandidaten

- har teoretisk kunnskap og medvit om språklege og matematiske strukturar som danner grunnlag for begynnaropplæringa
- har kunnskap om barn si utvikling av omgrep, ordforråd, symbolforståing, talforståing og språkleg medvit
- har kunnskap om kommunikasjon og munnleg kompetanse som grunnlag for læring av skriving, lesing og matematikk
- har teoribasert kunnskap om multimodalitet i relevante medium (t.d. barnelitteratur og læringsressursar) og i barn sin tekstproduksjon
- har kunnskap om norsk som andrespråk, fleispråklege praksisar og kulturelt mangfald som ressurs i begynnaropplæringa
- har teoretisk og forskingsbasert kunnskap om ulike tilnæringsmåtar og metodar i skrive-, lese- og matematikkopplæringa
- har kunnskap om faglege tilnæringsmåtar som kan forebygge lese-, skrive- og matematikkvanskar og fremje utvikling hos elevar med ulike faglege ståstader

Ferdigheter

Kandidaten

- kan ta i bruk teoretisk kunnskap og forskningsbaserte innsikter i arbeid med språk og matematikk i ulike samanhengar
- kan legge til rette for språkutvikling og omgrepslæring i ei mangfaldig og samansett elevgruppe
- kan nytte barnelitteratur og «kvardagstekstar» som ressurs i begynnaropplæring
- kan legge til rette for fleirfaglege og utforskande arbeidsmåtar i og på tvers av fag
- kan planlegge, gjennomføre og presentere ein empirisk og teoretisk fundert studie basert på observasjon og analyse av ei gruppe elevar sitt arbeid med skrivning, lesing og matematikk i ulike fag og aktivitetar

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan analysere og vurdere relevante problemstillingar knytte til tidleg skrive-, lese- og matematikkopplæring
- kan gjere seg nytte av innsikter frå fagleg og didaktisk forskning i planlegging og gjennomføring av begynnaropplæring i skrivning, lesing og matematikk
- kan bidra til utviklingsarbeid som kan fremme fagleg og didaktisk nytenking innanfor eit breitt begynnaropplæringsfelt

Oppbygging av studiet

Studiet har to emne à 15 stp – eitt med vekt på fagovergripande perspektiv, og eitt med meir fagspesifikke inngangar til lesing, skrivning og matematikk:

- SKOLE6004 Fagovergripande perspektiv på den første skrive-, lese og matematikkopplæringa (haust)
- SKOLE6005 Å utvikle dei yngste elevanes språklege og matematiske kompetanse - grunnleggande perspektiv, strukturar og inngangar (vår)

Læringsformer

Forelesingar, diskusjonar i grupper og i plenum, studentpresentasjonar basert på praksiserfaringar og utprøving av undervisningsopplegg. Dialog via læringsplattform mellom samlingane. I studiet blir det lagt vekt på at studentane skal trekke inn erfaringar frå eigen praksis og hente empiri herifrå som grunnlag for diskusjon og analyse. Studentar som ikkje er i jobb på småskuletrinnet, må såleis skaffe seg tilgang til ei relevant gruppe elevar.

Vurderingsformer

SKOLE6004 *Fagovergripande perspektiv på den første lese-, skrive- og matematikkopplæringa*

Vurdering: Munnleg prøve med utgangspunkt i pensumlitteratur og med rom for å trekke vekslar på eigen praksis.

SKOLE6005 Å utvikle dei yngste elevanes språklege og matematiske kompetanse – grunnleggande perspektiv, strukturar og innganger

Vurdering: Skriftleg heimeeksamen i form av ei mappe med tekstar basert på empiri frå eigen praksis og utprøvande arbeid. Undervegsrespons.